



# Praktisk informasjon

*for skuleåret*

2021-2022

**GRASDAL SFO MOBIL nr. 99 29 74 42**

**Epost: [kine.beate.brandsdal@alver.kommune.no](mailto:kine.beate.brandsdal@alver.kommune.no)**

## Søknadsfrist

Søknadsfrist til SF0 er 1. mars.

## Slik søker du

På heimesida til kommunen er det ein eigen lenke der ein både kan søkja om plass, endra, og sei opp plassen ein har.

For å finna den, går ein på heimesida **alver.kommune.no**

- ➡ Skule og utdanning
- ➡ Skulefritidsordning (SF0)
- ➡ Slik søker du
- ➡ *Trykk på lenken og følg instruksjonane vidare der.*

## SATSAR OG PRISAR gjeldande f.o.m. januar 2021

Korttidsplass	0 - 6 timar pr veke	kr 1.284,- pr mnd
Halv plass	7 - 14 timar pr veke	kr 2.619,- pr mnd
Heil plass	15 timar eller meir pr veke	kr 3.378,- pr mnd

Det er same månadspris for 10- og 11-mnd tilbod, men for 11-mnd tilbodet betalar ein for ein ekstra månad.

Ønskjer ein SF0 i feriane, velgjer ein 11-mnd tilbod.

*(Om ein berre ønskjer ferie-SF0 i augustdagane før skulestart, velgjer ein også 11-mnd, elles er det ikkje sikkert det er plass)*

Timesats v/kjøp av ekstra timar	kr 67,- per time
Dagsats	kr 200,- (gjeld berre i feriar)

Søskenmoderasjon	30% barn nr 2 50% barn nr 3 eller fleire
------------------	---

## **10 - MND TILBODET**

Gjeld berre skuledagar, og følgjer skuleruta.

Betaler for 10 mnd, betalingsfri i juli og august.

Har ikkje tilbod om SF0 i feriane.

## **11 - MND TILBODET**

Også kalla Heilårstilbod

Betaler for 11 mnd, betalingsfri i juli.

Gjeld skuledagar og kvardagar i skuleferiar, men er stengd:

- 5 av planleggingsdagane til skulen
- Julafta
- Nyårsafta
- Onsdag før påske etter kl 12.00
- Heile juli mnd

### **MERK: Timetalet for Korttids- og Halv plass gjeld også i feriane!**

- Det betyr at har du **Korttids plass** på 11-mnd til vanleg, har du opptil 6 timar pr veke å bruka i ein ferie før det evt kostar ekstra.
- Har du **Halv plass** på 11-mnd, har du opptil 14 timar pr veke å bruka ein ferie før det kostar ekstra.
- Ved kjøp av dagar/timar over dette nyttar me Timesats eller Dagsats (alt etter kva som løner seg).
- Har du derimot **Heil plass** på 11-mnd, kan du nytta SF0 fullt ut i feriane utan å betala ekstra.

## BEHOV FOR EKSTRA SF0-TID

Om ein ikkje har fast plass, men har behov for SF0-tid enkelte gongar, kan ein kjøpe timar.

Det same gjeld om ein har korttids- eller halv plass og treng ekstra timar.

## **OBS! Dette gjeld kun sporadisk bruk, og ikkje fast avtale, då viser me til faste satsar.**

Ta kontakt med SF0 om du/de treng ekstratid på SF0,

både for å sjekke om det er ledig, og for å bestilla tid.

Send epost til SF0-leiar på [kine.beate.brandsdal@alver.kommune.no](mailto:kine.beate.brandsdal@alver.kommune.no) eller sms på 99 29 74 42 (0m de vil ringa, er den kun bemanna i SF0-tida)

## OPPSEIING

- Oppseiing skal vera elektronisk, via lenk på heimesida til kommunen. Trykk på lenka under «Slik søker du». Det opnar ei ny fane/side, og så følgjer de forklaringane som kjem.
- Oppseiingsfrist er 1 måned rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiing er motteken.  
*(t.d. om oppseiinga kjem i løpet av august, er plassen sagt opp ein mnd etter 01.september, og gjeld f.o.m. 01.oktober)*

## ENDRING

- Skal ein **endra sats/plasstorleik**, er fristen 1 måned. Det skal gjerast elektronisk på heimesida, *(som skildra under punktet «Oppseiing»)*
- Skal ein **endra tider/dagar innanfor same satsen**, må endringa vera skriftleg, helst på epost, og helst vera inne ei veke før. Dette er fordi SF0-leiaren ikkje har administrasjonstid kvar dag, og får ikkje alltid gjort endringar frå ein dag til neste. *(evt elektronisk og 1 mnd)*

## **Det er diverre ikkje høve til å flekse på SF0-tidene.**

Me bemannar etter det talet på born som er tilmeld til dei ulike tidspunkta. Det er difor ikkje mogleg å t.d vera lengre ein dag fordi ein hentar tidlegare ein annan.

Skulle ein trenga ekstra tid ein dag, viser me til å kjøpa ekstra timar.

Ein kan derimot endra tidene fast, også for ein periode, om det er ønskeleg, så lenge det er kapasitet på den ønska dagen/tidspunktet.

## **MAT OG MÅLTID**

Gunna koronatiltak har det ikkje vore matsservering på SF0 i skuleåret 2020-2021. Meir informasjon om når og korleis det vil kome i gong att, kjem nærare skulestart.

Matpengeprisen for 2021 sett av kommunestyret, er på kr 30,- pr veke, dvs kr 120,- pr mnd. Dette vil gje ei endring av måltidstilbodet på vår SF0, men det er enno ikkje heilt bestemt korleis me løyser det på vår SF0.

## **FORELDREMØTE**

Grasdal SF0 pleier ikkje ha eigne foreldremøte, men har som regel ei lita økt på foreldremøtet til 1. klasse i byrjinga av skuleåret.

## **Aktiviteter**

- På Grasdal SF0 kan me nytta fotballbana, gymsalen, SF0-rommet og leikeapparata rundt skulen etter skuletid.
- Me har også brettspel, leikar av ulike slag, teiknesaker, brettperling og andre ting dei kan kosa seg med.
- Val av aktivitetat kjem noko an på véret. Er det veldig fint vær, prioriterer me meir å vera ute, mens dei våtaste og kaldaste dagane vert det mest inneaktivitet, då utekleda ofte kan vera våte etter bruk i skule. Vi har turdager en gang i uken der vi nyttar nærmiljøet. Dette gir barna god mototisk trening.

## Hovudmålet til skulefritidsordninga vår er

- **TRYGGLEIK**
- **OMSORG**
- **TRIVNAD**
- **SOSIAL UTVIKLING**

Målet for oss som arbeider på SFO er at me skal kunne gje kvar einskild den omsorga og trivnaden barnet har behov for.

Det er viktig at dei får driva med aktivitetar dei likar og har utbyte av på det sosiale og det skapande planet, både ute og inne.

Me vil leggja stor vekt på den frie leiken og ha varierte og gode tilbod til alle.

Me ønskjer tett samarbeid med heimane, slik at me saman kan gjere Grasdal SFO til ein god plass å vera for alle.

